

HELSE VEST RHF
Postboks 303
4068 STAVANGER

Dykkar ref:

Vår ref:

2020/5045 -

22500/2020

Sakshandsamar:

Terje Olav Øen

Dato:

02.06.2020

Tilbakemelding på protokoll frå føretaksmøte 23. april

Helse Førde viser til protokoll frå føretaksmøte 23. april 2020, der ein vedtok at overordna rammer for aktiviteten i helseføretaka i 2020 blir endra som følge av Covid-19-epidemien.

Helseføretaket viser under ein punktvis gjennomgang av dei ulike oppgåvene og tiltak og framdrift knytt til desse.

Generelt kan ein opplyse at det er krevjande å vere i beredskap samstundes som ein skal ta unna ventelister, der ein også i stor grad må ta omsyn til ekstra smitteverntiltak og prosedyrar knytt til pasientlogistikk.

Punktnummereringa viser til nummereringa i føretaksprotokollen.

3.1 Innretting av aktiviteten framover


Helseføretaket skal:

- *halde fram arbeidet med å planlegge og førebu for eit høgt tal på intensivpasientar, i tråd med analysar gjennomførte av Folkehelseinstituttet.*
- *starte opptrapping til meir normal drift i helseføretaket.*

Helse Førde starta opp med planlegging av normal drift frå 15. april. Nødvendige smittevern tiltak vart planlagde og sett i verk ved m.a. førehandsscreening av pasientar ein til tre dagar i forkant og screening ved inngang til sjukehusa. Operasjonskapasitet vart re-etablert, men med redusert kapasitet, då ein også har sett av ressursar for Ø-hjelp og særskilde pandemiltak.

Poliklinisk aktivitet er starta opp, også denne med noko redusert drift. Det har vore eit omfattande arbeid med endring av timeavtalar, kontakt med pasientar i forkant, og bruk av venteareal i samsvar med retningslinjer for smittevern.

Tilvisingar til sjukehustenesta har vore redusert første delen av pandemien. Samanliknar eintala frå april 2019 (2 752) med april 2020 (1 684) er det ein reell nedgang på vel 1 000 tilvisingar (38%).



Samstundes har helseføretaket ekstra beredskap og vaktlag som skal handtere Covid-19 smitta pasientar i eiga kohorteining ved medisinsk avdeling, og tilstrekkeleg intensivberedskap med omsyn til handtering av einskildpasientar. Det er lågt smittetrykk og det har ikkje vore påvist Covid-19 smitta pasientar sidan 16.april.

Helseføretaket har tilsett ekstra personell for å sikre beredskapskapasitet og gjer tiltak som skal sikre faste vikarstafettar med innleige av legar i anestesi og ortopedi m.a. frå Sverige og Danmark. Tilgang til utanlandske helsepersonell frå nordiske land har vore litt uavklart. Det er no opna for bruk av helsepersonell, samstundes som det vert rapportert at tilgang til sommarvikarar (spesielt sjukepleiarar) som har kome frå andre nordiske land, kan bli noko redusert i år.

Det er gjort ein omfattande jobb både lokalt, regionalt og nasjonalt med smittevernutstyr. Helse Førde var tidleg ute og tinga utstyr, men fekk ikkje levering av alt. Gjennom eigne lokale initiativ og felles innkjøp har helseføretaket fått rimeleg god tilgang på ulike typar smittevernutstyr. Grunna mangel på smittefrakkar har helseføretaket kjøpt inn ca. 2.500 vaskbare frakkar, som delvis vert nytta i dagleg drift og noko disponert for beredskap til nytte ved større smitteutbrot.

3.2 Spesielt om bruk av private tenesteleverandørar

Helseføretaka skal:

bidra i arbeidet med å utnytte kapasiteten hos private avtalespesialistar, private med avtale med dei regionale helseføretaka og private som har godkjenning gjennom fritt behandlingsvalordninga så langt det er føremålstenleg.

- *gå i dialog med private aktørar som har avtalar med dei regionale helseføretaka og med avtalespesialistane for å sikre at dei samla ressursane kan utnyttast best mogleg.*

Det er få private avtalespesialister i Helse Førde. Nokre leiger areal i våre sjukehus til eigen privatpraksis. Desse har vore underlagt same retningslinjer knytt til smittevern som for Helse Førde sin poliklinikkar. Det har vore god dialog med privatpraktiserande avtalespesialistar.

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter (RKHR) har hatt god kommunikasjon med beredskapsleinga, og det har vore tilbod om tilgang til helsepersonell frå RKHR til Helse Førde. Det har også vore inne i planarbeidet bruk av senteret til kohorteining, ev. saman med kommunane. Tilgang til smittevern utstyr er avklart, likeins prøvetaking av pasientar med omsyn til Covid-19.

3.3 Samarbeid med kommunane

Helseføretaka skal:

- styrke sitt samarbeid med kommunane for å handtere covid-19-epidemien, og legge til rette for faste møtepunkt.
- innrette samarbeidet i tråd med prinsippa for innføring av helsefelleskap.

Helse Førde har som ein del av sin beredskapsplan for smittevern gjennomført møte med alle kommunane i operativt samhandlingsorgan. Vidare har det 1-2 gangar i veka vore møter med taktisk samhandlingsgruppe, der kommunane er ivaretatt av fem smittevern legar og samhandlingskoordinator for kommunane. Arbeidet i gruppa har fungert godt og ein har revidert delar av beredskapsplan for samarbeid mellom Helse Førde og kommunane ved influensapandemi, slik at ein kan få operasjonalisert eit godt tenestetilbod. Ein revisjon vert no sendt kommunane og skal forankrast i fagrådet og godkjennast før utsending til kommunane i koordineringsrådet.

Saman med kommunane har ein skissert løysingar for å handtere utbrot av smitte, der ein også ser på bruken av einskilde sjukeheimar for å handtere smitteutbrot på tvers av kommunane, dvs. interkommunale sjukeheimar for Covid-19 pasientar. Hittil har smittetalet i Helse Førde sitt område vore svært lågt.

Det er også etablert ei arbeidsgruppe for fordeling av smittevern utstyr, kor også fylkesmannen deltek. Vidare er det deltaking i regionale arbeidsgrupper for smittevern utstyr og utstyr knytt innkjøp av eingongsutstyr for respirasjonsstøtte, samt viktige legemiddel knytt til handtering av pandemien.

3.4 Digital heimeoppfølging og nettbasert behandling mv.


Helseføretaka skal:

- ta i bruk digital heimeoppfølging og nettbasert behandling der det er mogeleg
- melde inn behov for justeringar i nasjonale rammevilkår som raskt kan settast i verk. Dette gjeld mellom anna ISF-ordninga, reguleringar, praktisk rettleiing og nasjonale e-helsetiltak.

Saman med dei andre helseføretaka og Helse Vest IKT har ein tatt i bruk telemedisinske løysingar gjennom både Teams og videomøter i Norsk HelseNett, med innkalling til konsultasjon via DIPS. Bruken av telemedisin har fungert rimeleg godt, og vil også kunne vere eit tenleg hjelpemiddel for effektive pasientkontakt i framtida.

Grafen under viser tal e-konsultasjonar ved bruk av video eller telefon.


Totalt antall konsultasjonar (Drill ned for detaljer -->)



Psykisk helsevern utmerkar seg med *e-konsultasjonar* både innan vaksen psykiatri og barne- og ungdomspsykiatri.

Grafen under viser kun *videokonsultasjonar* som har fått ein markert auke i april og mai.

Totalt antall konsultasjoner (Drill ned for detaljer -->)



Snitt Januar-mars er 21,3 pr. mnd. Auken i april og mars er i snitt 477, dvs. 2 240 %.

Det var utfordringar med å kome i gang med løysinga, men verdifull arbeid gjort i forkant førte til at det gjekk rimeleg raskt å etablere systemet, som delvis også vart nytta av helsepersonell på heimekontor og i karantene. Erfaringa viser at når det vert behov for eit svært viktig hjelpemiddel for helsetenesta, medverkar fleire einingar samstundes og ein løyser utfordringa på mykje kortare tid enn til vanleg. Dette er nyttig læring å ta med seg.


Med omsyn til finansiering viser grafane under ISF poeng for e-konsultasjonar. Her er det uklare tilhøve som ein må finne avklaring på.



Telefonkonsultasjonar og -samtaler: gir konsultasjonene ISF-refusjon?



Videokonsultasjonar: gir konsultasjonene ISF-refusjon?



Pilotprosjektet *Sammen redder vi liv* med bruk av videooverføring mellom AMK- (og legevakt)sentralar og dei som ringer naudmeldetenestene er ikkje etablert i Helse Førde. Tinginga av dette prosjektet her var også noko uklart og ikkje like godt kjend for alle partane.

3.5 Gjennomføring av utdanningsløp

- *Helseføretaka skal samarbeide med utdanningsinstitusjonane om å finne løysingar som bidrar til at flest mogeleg helsefagstudentar kan gjennomføre praksisen sin. Det gjeld spesielt for utdanningar det er særleg behov for, til dømes utdanning i akutt-, anestesi-, intensiv- og operasjonssjukpleie, og bioingeniørar. Alternative former for rettleiing skal vurderast.*

Helse Førde har hatt hyppige møte med Høgskulen på vestlandet(HVL) for å planlegge best mogleg avvikling av praksis for studentane. Det er inngått eiga avtale om dette. Anestesi, intensiv og operasjonssjuepleie-studentane får gjennomført praksis i samsvar med plan. Det er også gitt opning for å ta fleire studentar på dette området. Det var vanskeleg å ta imot sjukepleiestudentar i kirurgi i vår og desse fekk anna tilbod i regi av HVL. Alternative former for rettleiing er vurdert og avtalt i samarbeid med Høgskulen.

Det er også samarbeid med UiB om praksis for medisinarstudentar og føretaket. HVL har sett i verk alternative aktivitetar for bioingeniørstudentar. Helsefaga går etter plan frå hausten.

3.6 Arbeidet med testing av befolkninga

- *Helseføretaka skal legge til rette for auka testkapasitet både gjennom utvida laboratoriekapasitet, bistand til kommunane når det gjeld prøvetaking og anskaffing av tilstrekkeleg testutstyr og prøvetakingsutstyr. Felles innkjøp koordinerast av Helse Sør-Øst RHF.*

Helse Førde har kjøpt inn ny analysemaskin for å auke kapasitet for prøvetaking knytt til Covid-19 viruset. Det har ikkje vore problem med testkapasitet, men ein hadde ein kort periode kor ein var noko restriktive då det var mangel på analysevæske.

Det er vurdert analysekapasitet til 2600 pr. veke (450 prøver per dag måndag-fredag og litt mindre i helg).

3.7 Rapportering og vidare arbeid

Føretaksprotokollen viser at «dei tre overordna måla i styringsbodskapan for 2020 ligg fast, men det vil for dei fleste områda ikkje vere mogeleg å nå dei kvantitative målsettingane som er satt. Det vil også være naudsynt å skyve på tidsfristar for ulike oppdrag.»

Helseføretaka skal:

- *innan 1. juni 2020 gi ei førebels rapportering på oppdraga i denne protokollen.*

Helse Førde har med dette rapportert på punkta ovanfor med unntak av hovudmåla som ligg førande for aktiviteten og som vil bli rapportert på ved årsrapporteringa.

Vennleg helsing

Arve Varden
Adm.direktør

Terje Olav Øen
Beredskapsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng inga signatur